



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
28.05.2014  
Dykkar dato  
25.10.2013

Vår referanse  
2014/4914 522.5  
Dykkar referanse

Anders Stusdal

5994 VIKANES

## Svar - Lindås - Anders Stusdal - Erstatning for avlingssvikt 2013 - Grovfôr

Vi viser til din søknad av 25.10.2013 etter Avlingssvikt, vekstgruppe grovfôr. Søknaden er handsama etter Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon FOR-2012-01-20-83 og Forskrift om erstatning og tilskudd ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon FOR-2012-01-17-56. Vi beklagar at handsaminga har teke lang tid.

### Generell informasjon om utrekning av erstatning

For å kunne få tildelt erstatning, er det ei føresetnad at føretaket har gitt melding til kommunen straks ein er klar over at skade har oppstått eller vil kunne oppstå. Årsaka er at kommunen skal kunne komme på kontroll på eit hensiktsmessig tidspunkt for å vurdere skaden. Ein kan ikkje søkje om erstatning dersom skaden ikkje er meldt til kommunen. Ein kan heller ikkje få erstatning for delar av skaden som har andre årsakar enn klima.

Forventa avling i skadeåret blir rekna ut frå gjennomsnittleg fôrbehov 3 av dei siste 4 åra, etter at det er teke omsyn til kjøp og sal av fôr. Eigenprodusert fôr inkluderer fôr som blir teke opp på beite. Avlingsnedgangen blir *ikkje* rekna berre på grunnlag av hausta surfôr og hø, men også ut frå estimert fôropptak på beite. For erstatning etter avlingssvikt utgjer eigendelen 30 % av gjennomsnittsproduksjonen pr vekstgruppe.

### Berekningsinformasjon for føretaket ditt

Melding og søknad var innan fristane, og opplysingar om drifta er dokumentert. Heile skaden er vurdert til å skuldast klimatiske tilhøve.

Gjennomsnittså			
Fôrbehov husdyr, A + E	22 196,67 FEm	Areal i dekar, F	47 daa
- Utmarksbeite, G	10 211,4 FEm	Gjennomsnittsavling	206,98 FEm/daa
- Kraftfôr netto, C	2 257,2 FEm		
- Grovfôr kjøpt eller fått, B	0 FEm		
+ Grovfôr solgt, D	0 FEm		
= Eget grovfôr	9 728,07 FEm		

Skadeåret			
Lagret grovfôr netto, K	4 093,41 FEm	Areal i dekar, J	47 daa
+ Nullbeite og beite på innmark, I	2 077,8 FEm	Avling pr. dekar	108,16 FEm/daa
- Innkjøpt grovfôr, H	1 087,5 FEm		
= Fôravling i skadeåret	5 083,71 FEm		
Forventet avling (FEm) i skadeåret (Gjs- avling x areal i skadeåret)			9 728,07
Trekk 30 % egenrisiko, FEm			2 918,42
Trekk avling i skadeåret, FEm			5 083,71
Avlingssvikt i skadeåret, FEm			-1 725,94
Avlingssvikt som skyldes klima i %			100
Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, FEm			-1 725,94
Erstatningssats, kr pr FEm			3,4
Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, kr			-5 868,19

*Minusteikn framfor talet for avlingssvikt i kg og kr visar at det er berekna avlingssvikt.*

#### Erstatningsutbetaling

	Erstatning i kroner
Grunnlag etter avkorting, kr	5868.19
Tilkjent erstatning, kr	5868

*Berekna tilskotsbeløp under kr 5 000 blir ikkje utbetalt.*

Dersom du ser feil i utrekningsgrunnlaget har du moglegheit til å klage innan klagefristen. NB! Utrekna avling gjeld all innmark, inkludert innmarksbeite.

**Vedtak:** Anders Stusdal er tilkjent erstatning på kr 5868 etter avlingssvikt. Erstatninga blir overført din konto 05378806382.

Du har rett til å klage på dette vedtaket. Klagefrist er tre veker frå du mottar dette brevet. Ein eventuell klage skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til kommunen din. Eventuelle spørsmål rettast til landbruksforvaltinga i kommunen eller til saksbehandlar hos fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag  
Ass. Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
Fylkesagronom plantekultur

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø